

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Fråsegn til høyring av detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad, gnr 127 bnr 91 mfl. PlanID 46312020006 - Alver og Austrheim kommunar

Vi viser til brev om høyring av forslag til detaljregulering for Grøn omstilling av Mongstad. Det meste av planområdet ligg innanfor Alver kommune, medan ein mindre del er innanfor Austrheim kommune. Hovudføremålet er å leggje til rette for energitunnelar under bakkenivå, nytt hydrogenanlegg og oppdrettsanlegg på land. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 28.1.2021. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

### Vurdering

#### Klima og miljø

Vi viser til Statsforvaltaren si fråsegn til planframlegget av 22.6.2021, som legger vekt på at føreslått akvakulturanlegg ikkje er tilstrekkeleg konsekvensutgreidd: *Statsforvaltaren vurdere at det må gjerast tilleggsutredningar til konsekvensutgreiinga for å kunne vurdere verknad for naturmangfold og vasskvalitet*. Vi står Statsforvaltaren sin vurdering at planframlegget ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert konsekvensane av eit landbasert akvakulturanlegg her. Vi rår difor til at konsekvensane vert utgreia ytterlegare, slik at planen sine verknader i området vert synleggjort, og at evt. avbøtande tiltak vert lagt inn som del av planarbeidet.

#### Veg og infrastruktur

Til oppstartsvarsle og høyring av planprogram hadde vi fleire merknader som omhandla tilkomst til overordna vegnett, tilkomstveg til planområdet og forholdet for mjuke trafikantar frå fylkesveg og fram til planområdet. Vi bad om ei trafikkanalyse og ei vurdering av planen i høve til andre planar i området.

Vårt fokus i dette planarbeidet er knytt til forholdet til fv. 57 og gang- og sykkelsamband frå kollektivhaldeplass til planområdet. Sidan industriområdet har fleire tilknytingspunkt til fylkesvegen, ville det vere nyttig med ei oppstilling av kva planar som gjeld og kva rekkefølgje krav som er omfatta av desse tema.

#### Planomtalen:

Punkt 3.12 tek for seg dagens tilhøve for veg og trafikk. Den viser til at det er to tilkomst til området, om Litlåsen og veg om Storemyra. Den skildrar og tilhøva som gjeld mjuke trafikantar og kollektiv.

Planomtalen skildrar trafikksituasjonen slik den er i dag.

#### Forholdet til andre planarbeid:

Industristaden har fleire tilknytingspunkt til overordna vegnett. I følgje Kommunedelplan for Lindåsneset - Mongstad (2010) skal det byggjast tunnel frå Hope, som skal avlaste dagens trase. Dersom denne ikkje lenger er aktuell vil det vere relevant å stille strengare krav til tilkomstvegen som går om Mongstad sør.

Det er utarbeidd reguleringsplan for kryssområdet i Mongstad sør «Rv. 57 Kryss Mongstad sør» vedtatt i 2007. I følgje føresegns 2.3 til planen skal krysset utbetrast før ein startar utbygging av Mongstad sør. Vi stiller spørsmål om det pågående planarbeidet er omfatta av dette rekkjefølgjekravet.

Det er i tillegg eit pågående planarbeid «Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad», som legg nye føringar for krysset i Mongstad sør.

#### Tilkomst til området:

Planarbeidet vurderer ikkje tilkomst til området for mjuke trafikantar. Dersom tunnel ved Hope ikkje lenger er aktuell og vegen om Storemyra er alternativet som skal nyttast i overskodet framtid, bør planarbeidet vurdere tilkomstvegen mellom fylkesveg 57 og til industriområta. Det er dels tilrettelagt med gang- og sykkelvegar innan industriområdet, og det vil vere naudsynt og sikre trygg tilkomst frå fylkesveg 57 og kollektivhaldeplass.

#### Trafikkanalyse:

Det er lagt ved ei enkel trafikkanalyse, som er basert på ein rapport frå planarbeidet for Mongstad Storhamn. I tillegg er det føretatt ei teljing i krysset for å estimere trafikken inn og ut på fylkesvegen. Dette er positivt. Den viser og til ulike trafikale utfordringar knytt til fylkesveg og internveg.

Analysen baserer seg på «Netto trafikkauke» som følgje av etablering av landbasert oppdrettsanlegg, og ikkje heile planområde i seg sjølv. Konklusjonen i analysane er at krysset har tilstrekkeleg kapasitet til å handtere trafikkauken som kjem som ei følgje av utbygging av landbasert oppdrettsanlegg. Det er vidare gjort ei enkel vurdering av T-kryss eller rundkjøring ved ei eventuell utbetring..

Figurane i analysen kan ikkje lesast. Det er og vanskeleg å setje seg inn i bakgrunnen for konklusjonane, og vi meiner det er ei mangel med planarbeidet at ikkje dagens planar og pågående planarbeid er trekt inn i desse vurderingane.

#### Rekkjefølgjekrav:

Til føresegndene er det utarbeidd eit rekkjefølgjekrav jf. § 6.4:

«Når teoretisk belastningsgrad i krysset Storemyrveien x fv. 57 passerer 1.0 (jf. trafikkanalyse datert 09.03.21) må krysset utbedres i henhold til Stetens vegvesens vognormal for dette».

Dette er eit rekkjefølgjekrav vi er svært kritisk til slik det er formulert.

Trafikkanalysen har kun fokus på trafikkavvikling og har ikkje vurdert utforming av krysset, trafikktryggleiksvurdering eller kva behov det er for oppgradering av krysset. Vi er til dømes usikre på kven som har ansvar for å vurdere belastningsgraden?

Det må som minimum utarbeidast eit rekkjefølgjekrav som er knytt til utbygging (til dømes BRA), og som stiller krav til at krysset skal vere ferdig regulert. Vi ber om at det vert vidare dialog om rekkjefølgjekrav.rør ved

#### **Konklusjon**

Vi meiner planleveransen er mangelfull for områda naturmangfold, trafikk og samferdsle. Planen svarer i liten grad ut merknadene våre til oppstart av planarbeidet, på tema som rør ved veg og infrastruktur.

Planen knyt ikkje til seg krav for mjuke trafikantar som er sett mellom anna i kommunedelplan for området. Dersom tunnel frå Hope ikkje lenger er aktuell vil det vere relevant å stille strengare krav til tilkomstvegen som går om Mongstad sør. Det er ikkje vist til godkjent plan for krysset Mongstad sør, eller det pågående planarbeidet for fylkesveg 57. Vi meiner at dette er forhold som må vurderast meir grundig før planen vert vedtatt.

Vi meiner trafikkanalysen er mangefull og baserer seg berre på effektivitet i krysset. Vi saknar ei meir grundig vurdering av kryssområdet, forholdet til trafikktryggleik, og forholdet for myke trafikantar mellom fylkesveg 57 og planområdet. Rekkjefølgjekravet må knytast til andre forhold enn belastningsgrad av krysset. Vi ber om ei vidare dialog om utforming av rekkjefølgjekrav.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule  
fagleiar

Liz Eva Tøllefsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Tone Bøyrum, seksjon for veg og infrastruktur

Mottakarliste			
AUSTRHEIM	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
KOMMUNE			
ALVER KOMMUNE	Postboks 4	5906	FREKHAUG

Kopi til:  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
STATENS VEGVESEN LEIKANGER  
KONTORSTED

Njøsavegen 2  
Askedalen 4